

Reising av bautasteinen og minne frå 17. Mai 1914

Vi har høyrte om korleis mange gode tiltak vart til etter initiativ frå Uskedalen Ungdomslag. Laget har aldri vore redd for å ta opp spørsmål som rører seg i samtida. Ein ide, eit framlegg på eit lagsmøte vart ofte til røyndom. Det er nok å nemna skipinga av musikklag, fråhaldslosje, ungdomsklubb, hytta på fjellet, hjelp til trengande, gåver til ulike føremål, skogplanting, norskmålsarbeid og fotoinnsamling.

Eit tiltak utanom det vanlege lagsarbeidet var reising av bautasteinen i 1914. Det hadde seg slik at den vinteren kom det eit skriv til ungdomslaget om å førebu feiringa av fridomsdagen 17. mai og 100 år sidan grunnlova vart til på Eidsvoll. Det kom framlegg om at laget skulle reisa ein bautastein til minne om dei som vart utkommandert frå bygda i ufreden 1808-1814. Det vart snakka mykje om dette og deretter vald ei nemnd som skulle førebu tiltaket.

Med i nemnda kom desse: Thor Myklebust sen. (formann), Abel Eik, Kristen Døssland, Jørgen Thunold, Ivar Arnesen d.e., Isak Døssland og Nils O. Myklebust. Gjert Myklebust kunne fortelja at han hadde greie på slik stein som kunne høva til føremålet. Nemnda var straks på synfaring til Buk i utmarka til Amund T. Myklebust. Steinen var stor og velskikka til føremålet, men det kravde mykje å få steinen fram. Isak Døssland fekk i oppgåve å smi kilar og sprengja han frå fjellet slik at ein kunne komma til med spett og våg.

Så var det stor uttrykking i bygda for å få steinen på plass. Steinen vart velta fram, men snart ville han styra sjølv. Ein kjetting skulle vera bremse, men lite nytta. Steinen tok ut på eiga hand og han stogga ikkje før nedom bøgarden. På denne ferda hadde han slege av seg eit stykke på over 2 meter. Toppen vart såleis liggjande att på utmarka til Kristian O. Bringedal. Det vart mykje strev med spetting og draging og heile to dagars arbeid tok det før ein var komme til bygdavegen under Dønhaug.

Veret var dårleg, men på natta fraus det til med eit islag på vegen og dermed gjekk det melding om at no laut alle ut frå Hermetikkfabrikken og Sildoljefabrikken på Vikjo. Alle kom og samman med andre bygdefolk fekk dei steinen på glid og dermed var det ikkje stogg før han var på plassen sin. Mykje arbeid stod enno att. Fyrst måtte namna hoggast inn. Det tok Abel Eik og Johannes Wang seg av.

Sølvreisinga var svært omstendeleg. Frå Skorpo vart det henta stokkar til ein bukk og på Gravdal skipsbyggeri fekk ein låna patenttalje. Ein mindre bukk skulle vera til hjelp om noko skulle glippa. Svein Stølen var meister for desse bukkane. Det var samla mykje folk ein vårveld. To kraftige tau var festa i bjørketre i Skorhaug, men det var for lite.

Martin Myklebust som var mannskap på Sandajekto, henta taljer om bord og no laut steinen reisa seg. Steinen seig fint i gropa og dermed var han på plass.

Skorhaug, men det var for lite. Martin Myklebust som var mannskap på Sandajekto, henta taljer om bord og no laut steinen reisa seg. Steinen seig fint i gropa og dermed var han på plass.



Vigslinga

17. mai 1914 rann med fint vårvêr og mykje folk var samla for å høgtida dagen. Thor Myklebust tala og minnest dei som var ute for å verja landet. Det var for dei ungdomslaget hadde reist denne bautasteinen. Han takka alle som hadde arbeidd med reisinga og dermed let han duken falla.

Seinare tala Sivert Kjærland for folket og fedrelandet. Ivar Arnesen tala om si fagre barndomsbygd og slutta såleis: ”Her har mi vogga stått og her ynskjer eg å få kvila”. Om kvelden var det folkefest i skulehuset med mykje taler m.a. om rusdrykken og det norske målet. Slagorda var: ”Bort med rusdrykken” og ”Norsk mål i Noreg”.

Etter festen samlast folk i Helgheim til spelstykket ”På heimveg”. Helgheim var meir enn fullsett og spelet fekk stor fagning. Etterpå var det fyrverkeri noko som var svært sjeldsynt. Det gjorde stor lukke. Dansen gjekk så lystig i gamle Helgheim, til det ljosna av ny dag.